

Referat frå styremøte i Valdres Historielag 23. januar 2023

Sak 1 Eivind Brenna orienterte om planene for 1000 års-feiringa i Valdres i sommar. Valdres har fått 250 000 kr frå departementet til feiringa i kommunane våre.

Sak 2 Tore Hovda orienterte kort om økonomien. På bankkonto pr. 1/1 2023 har vi 119 000 kr.

Sak 3 Veggen vidare: Nils Rogn lufta tanken om eit medlemskap og kontingent direkte til Valdres Historielag.

Arne Erik ville gå litt tilbake og så sjå kva som var oppgåva til V H i dag. Er det behov for eit organ til samordning av initiativ frå lokallaga? Han ville foreslå eit møte saman med lokallagsleiarane for å drøfte kva tema dei ville prioritere. Mange innan Valdres arbeider med lokalhistorie og emne med almen interesse. Kunne V H vore ein samarbeidspartner for ein del av dette?

Det vart også diskutert om midlar frå fondet til Kirkevollarven kunne brukast til spesielle tiltak meir enn det som har skjedd.

Ivar Aars sette fram forslag om å kalle inn lokallagsleiarane til eit møte.
Dette vart einstemmig vedteke.

Ivar Aars sa seg vidare villig til å halde fram med å arbeide vidare utan godtgjerdsle med med det stoffet ein alt har, enten det blir laga ei årbok for 2023 eller først seinare.

Det kom så på bordet eit forslag om å gje ut ei årbok på dette grunnlag, men ei bok med sterkt avgrensa sidetal, og med skriftstyret sterkt inne i prosessen. Hovedtema vil vera 1000 års jubileet.

Dette vart einstemmig vedteke.

Sak 4 Interesse er svært stor for det stoffet som blir lagt ut på Facebooksida til laget, og dette blir det arbeidd vidare med.

Sak 5 Årsmøtet blir i Vang laurdag 6. mai kl. 12.00

Sak 6 Etnedal Historielag får kr 10 000 i tilskot frå Kirkevollarven til fotoboka si,

Arne Erik Fønhus, Gunnar Hauge, Tove Grethe Kolstad, Gullik Skattebo, Nils Rogn, Jon Bratrud, Odd Arne Rudi, Ivar Aars, Anne Marit Framnes, Tore Hovda, Ingun Kompen, Jorunn W Steinsvoll